

Unge musikkarar skapte skikkeleg julestemning i båthamna!

14.12.2020



Aspirantane(fremst) og skulekorpset(bak) med flott julekonsert.

Koronaen har også gjort det vanskeleg å gjennomføra dei tradisjonsrike julekonsertane. I Uskedalen blei det løyst på ein framifrå måte med ei skikkeleg julemusikkhelg. Lørdag var [musikkveteranane ved SPAR](#), og søndag var den store konsertdagen med [to alternative julekonsertar i kyrkja](#) med solistar og smågrupper, og julekonsert med Uskedal skulemusikk ved Strandstova i båthamna der retteleg mange møtte opp og kom i skikkeleg god julestemning.



Eit stort publikum sette stor pris på den flotte konserten.

Konserten i båthamna var i pausen mellom dei to konsertane i kyrkja, og publikum merka allereie julestemninga då dei kom båthamnsområdet der det var vakkert julepynta med lys og faklar. Veret var også på si absolutt beste side. Det einaste som mangla var julesnøen.

Aspirantane var først ut i programmet, og det var veldig kjekt å høyra kor mykje dei hadde lært berre på nokre få månader. Det var tydeleg at både musikarane og dei to unge instruktørane deira, Camilla M. Myklebust og Hanna Tvilde, hadde jobba godt. Dei opna med fellesspel i *Kom og høyр på hornmusikk* før dei gjekk over på julemusikk. I ei flott samansett avdeling fekk publikum høyra både fellesspel, solospel og spel i mindre grupper godt støtte av dei to dyktige instruktørane. Imponerande å høyre kva dei fekk ut av messinginstrumenta sine i det kalde veret.



Ebba og Ingvild framførte *Deilig er jorden*.

Skulekorpset overtok så stafettpinnen. Denne delen starta med *Silent Night*, nydeleg framført av korpset. Klang og tone var varm og god, og det er så viktig på denne type musikk. Etter den flotte opninga fulgte solospel, gruppespel og meir fellesspel. Ei av dei yngste i korpset, Margrete F. Feet framførte *Deilig er den himmel blå*. Margrete har vi hørt før, og ho imponerte igjen

Duoen Ingvild Aakra og Ebba Hermann Fossli hadde spelt nydeleg på den første konserten i kyrkja tidlegare på dagen, og dei fulgte opp med ei like flott framføring av *Deilig er jorden* utandørs. To talentfulle kornettistar, og det høyrest på klangen at dei over godt.

Messingkvartett er populært i større samanhengar, og søskena Anna, Iver, Ola og Ebba Hermann Fossli utgjer ein utmerka kvartett med to kornettar, trombone og tuba. Denne gongen briljerte dei og skapte julestemning med si flotte framføring av *We wish you a Merry Christmas*.

Deretter var det svært kjekt å høyra Hanna Tvilde og Camilla M. Ripel. Dei to som kan sjå tilbake på mange år i skulemusikken, er etter eit års pause tilbake som aspirantinstruktørar. Spelinga har dei heldigvis ikkje lagt på hylla. Dei gav publikum ein aldeles nydeleg kornettduet av *Mitt hjerte alltid vanker* i eit arrangement for to trompetar/kornettar. Også dei var med på første julekonserten i kyrkja tidlegare på dagen. Camilla har heile tida vore trufast mot kornetten, og den tidlegare principalkornettisten i skulemusikken spela i korps i USA då ho var utvekslingsstudent. Hanna har eg ikkje hørt på kornett tidlegare. I skulekorpset spela ho althorn og slagverk på suveren måte. No briljerer ho på kornett. For ei 'potet'!!



Hermann Fossli-kvartetten imponerte i *We wish you a merry Christmas*

Den flotte konserten fortente ei skikkeleg fin juleavslutning, og det fekk den verkeleg! Nydelege *Away in the manger* blei framført akkurat slik som den skal; - med mjuke, varme tonar.

Då musikarane hadde motteke ein solid og velfortent sluttapplaus, overrekte styret ved Haldis Akra gåver til dei to flinke instruktørane Hanna Tvilde og Camilla M. Ripel og blomar til dirigent Tor Skeie Olsen og Thor Inge Døssland som av og til hjelper til med noko. Dirigenten er no inne i sin 11. sesong i korpset, og han har framleis ei like god hand om det musikalske utviklingsarbeidet. Saman med styret og foreldregruppa har han også sin del av æra for den gode stemninga og det gode miljøet som er i korpset. Han er i ferd med å bli ein legende i Uskedal skulemusikk på linje med det Nils Arne Eggen blei i Rosenborg(men noko meir stillferdig).

Styret var litt spente før konserte, men det viste seg å bli eit blinkskot! Svært mykje folk kom til området rundt Strandstova. I god koronaavstand i mørket fekk dei verleg føla på julestemninga. Etter konserten var styret svært fornøgde både med gjennomføringa og med det flotte frammøtet. Dei fekk og nok eit bevis på kor godt og gjennomtenkt arbeidet i skulemusikken er for tida.



Camilla og Hanna er dyktige instruktørar og musikarar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.